



Rili Eiendom As
Rossnesvegen 71
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1104 - 15/13054

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
04.11.2015

Byggesak Gbnr 45/429 Manger - 3 stk 4-manns bustader - søknad om endring av gitt løyve bygg 3 - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 289/2015

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3

Adresse : **Langhøyane 11 A, B, C**

Tiltakshavar : Rili Eigedom A/S

Ansvarleg søker : Arkoconsult AS

Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett – endring av gitt løyve

Saksutgreiing:

Tiltak

Det er i sak 217/13, datert 25.06.2016 gjeve igangsetjingsløyve for 3 stk. 4-mannsbustadar på eigedom gnr. 45 bnr. 429 Manger.

Det vert no søkt om endring av ansvarsrett for utførande funksjon for våtromsarbeider bygg 3.

Ansvarsrett knytt til føretaket **Hella Betong AS**, org.nr. 979 290 918 opphører for bygg 3 og føretaket **Solstrand Mur AS**, org.nr. 915 475 175 søker om ansvarsrett for utføring membran og flis i våtrom bygg 3.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.10.2014.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Solstrand Mur AS**, org.nr. 915 475 175 , har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring membran og flis i våtrom bygg 3.
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 29.10.2015 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-1 jf. § 23-6 vert det GODKJENT søknad om endring av ansvarsrettar for oppføring av einebustad som omsøkt på følgjande vilkår:

1. Vilkår sett i tidlegare løyver skal fortsatt gjelde.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf § 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAROMRÅDE
Solstrand Mur AS, org.nr. 915 475 175	S	UTF	1	Utføring membran og flis i våtrom

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 11.12.14 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	<u>2 700</u>
		Totalsum	Kr 2 700

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenstående arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/1104

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Rili Eiendom As

Rossnesvegen 71 5937

BØVÅGEN